

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø
Att: Byggesak

03.12.2013

Ikenberget Vel
Brørakastet 45
5911 Alversund

Presisering av klage på mellombels dispensasjon - gbnr 137/661 Alver


Det vert referert til brev mottatt 25.11.2013 med referanse 2013/2161 – 26919/2013. Ikenberget Vel vil med dette komme med nokre presiseringar til påklaginga av dispensasjonen frå opparbeiding av offentleg veg i tre år.

Velet vil oppretthalde klagen på dispensasjonen gitt i tre år på opparbeiding av offentleg veg både ut i frå tidsaspektet, men også på eit fagleg grunnlag. Velet meiner alt talar for at vegsystemet i gjeldande reguleringsplan kan ferdigstillast i løpet av 2014 slik at dispensasjon bør gjevast maksimalt for eitt år.

Velet presiserer endå ein gong at det å vente på ein ny reguleringsplan ikkje er relevant for denne saka då denne vegsaka gjeld frå industri-/næringsområdet i nord (TESS, Autoklinikk etc.) fram til og med krysset Stølen/Stølen 19 (Inn mot Trollskogen Barnehage). Dette området med gjeldane reguleringsplan frå 2010 vil ikkje være del av ein framtidig regulering rundt veg/kryss til FV 565.

Velet har også registrert at alle politiske parti har prioritert midlar til tiltaket i budsjett 2014. Difor bør alt liggja til rette for anleggsstart tidleg vår 2014 og ferdigstilling innan utgangen av 2014.

Med venleg helsing for Ikenberget Vel



Leiar, Roald Rossnes

Kopi:
Formannskapet Lindås kommune
Ordfører Lindås kommune
Gruppeleiarar alle parti Lindås kommune
Fylkesmannen i Hordaland